



Fylkesmannen i Vestland

Høyanger kommune
Postboks 159
6991 HØYANGER

Vår dato:
30.06.2020

Dykkar dato:
17.04.2020

Vår ref:
2020/1231

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Høyanger kommune – budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023

Høyanger kommunestyre har i møtet 12.12.2019, sak 110/19, handsama og vedteke budsjett 2020 og økonomiplan for 2020 – 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunen følgje opp.

Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av koronautbrotet særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

Oppsummering

Høyanger kommune har svært høge inntekter, også etter at det blir korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester. Men likevel klarer ikkje kommunen å budsjettere med positive netto driftsresultat. Fylkesmannen meiner at kommunen må klare å oppnå eiga målsetjing om eit netto driftsresultat som over tid ligg på nivået til TBUs¹ tilrådde norm på 1,75 prosent. Dette resultatet må til for å ta vare på kommunen sin formue, bygge opp ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.

Etter kommunen si eiga målsetjing skal ikkje lånegjelda auke i økonomiplanperioden. Men dette følgjer ikkje kommunestyret opp, ettersom det er planlagt for ein auke på 10 prosent samanlikna med driftsinntektene. Når kommunestyret i tillegg planlegg for dei neste åra med negative resultat og derav reduksjon i den frie eigenkapitalen, vil ikkje det vere berekraftig. På sikt vil dette

¹ Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi



og få negative konsekvensar for tenester til innbyggjarane. Det er difor nødvendig, slik som kommunen planlegg, å tilpasse drifta til dei løpande inntektene.

Kommunelov med forskrift for økonomiforvaltninga

Vi viser til vårt brev av 07.11.2019 om handsaming og innsending av budsjett og økonomiplan til Fylkesmannen. I brevet er det omtalt at budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 skal vere utarbeidd, vedteke og oppsett etter ny kommunelov med tilhøyrande forskrift for økonomiforvaltninga. I forskrifta for økonomiplan og årsbudsjett er det m.a. krav om følgjande nye økonomiske oversikter:

- løyvingsoversikter drift etter forskrifta § 5-4
- løyvingsoversikter investeringar etter forskrifta § 5-5
- økonomisk oversikt drift etter art, jf. forskrifta § 5-6
- oversikt over den årlege utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar i planperioden, jf. forskrifta § 5-7.

Høyanger kommune har utarbeidd økonomiske oversikter etter ny lov og forskrift.

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Kommunestyret har vedteke følgjande overordna økonomiske styringsmål:

- *Budsjett og økonomiplan skal bidra til ei effektiv utnytting av kommunen sine ressursar. Dette gjennom ei løpande vurdering og tilpassing av tenesteproduksjon, sett i forhold til kommunen sine inntektsrammer.*
- *Kommunen bør setje av inntil 1,75 prosent av driftsinntektene til finansiering av investeringar og oppbygging av disposisjonsfond. Dette sikrar tilstrekkeleg likviditet til løpande utbetalinger og eigenkapital til investeringar.*
- *Den langsiktige gjelda bør på sikt tilpassast kravet i overordna styringsmål om økonomisk handlefridom.*

I tillegg har kommunen ei meir konkret målsetjing i økonomireglementet om *at langsiktig gjeld utanom lån til vidare utlån og lån til sjølvkostområdet ikkje skal overstiga 85 prosent av brutto driftsinntekter.*

Budsjett 2020

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på - 5,5 mill. kroner, som utgjer -1 prosent av driftsinntektene. Dette er etter at det er gjennomført reduksjonar/innsparinger i tenesteområda sine budsjettframlegg med 3 prosent. Etter bruk av bunde fond til å dekkje utgifter i drifta, er budsjettet balansert med bruk av disposisjonsfond på 3,3 mill. kroner. Etter Kostra-tal² for 2019 har kommunen 26,5 mill. kroner i disposisjonsfond. I tillegg har kommunen etter 2019 eit resultat (meir-/mindreforbruk) på 8 mill. kroner.³ Fri eigenkapital drift i prosent av driftsinntekter er etter dette 6,3 prosent. Gjennomsnittet for alle kommunane i landet (eks. Oslo) er 12 prosent.

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjetterte med 275,1 mill. kroner. Utvikling av folketalet samanlikna med landet har stor betydning for kommunens frie inntekter. For Høyanger auka

² og ³ Kostra-konserntal 2019



folketalet i 2019 med 11 personar, som utgjer 0,2 prosent. Men dette er etter grensejusteringa for Nessane, der Høyanger gjennom den fekk tilført 100 «nye» innbyggjarar. Veksten for heile landet var 0,7 prosent. KS sin prognosemodell etter oppdaterte folketal per 1. januar, viser ein prognose for kommunen på 272 mill. kroner.

Av andre sentrale inntekter for kommunen er det budsjettert med 39,5 mill. kroner i eigedomsskatt, 36 mill. frå gevinst ved sal av konsesjonskraft og kraft etter reglar for heimfall av kraftverk som har vore i privat eige, 9 mill. kroner i konsesjonsavgifter etter kraftutbyggingar og 3 mill. kroner frå Havbruksfondet. Summen for desse inntektene blir 87,5 mill. kroner.

Kommunen budsjetterer med investeringar i anleggsmiddel og finansiell leige av eigedom på til saman 85,3 mill. kroner. Av dette er 75,5 mill. kroner finansiert med nytt lånepoptak, fordelt på anleggsmidlar 53,1 mill. kroner (av dette til VAR-investeringar 9,2 mill.) og finansiell leigeavtale med 22,4 mill. kroner. Avdrag er budsjettert med 22,6 mill. kroner. Etter Kostra-tal⁴ for 2019 har Høyanger 573,4 mill. kroner i langsiktig gjeld (eks. pensjonsforpliktingar), som utgjer 105,8 prosent av driftsinntektene. Gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) er 111 prosent.

Økonomiplan 2020–2023

Det er i perioden 2021–2023 kvart år budsjettert med negative netto driftsresultat, -1,7 prosent i 2021, -1,9 i 2022 og -0,3 prosent i 2023. For heile økonomiplanperioden er dei negative resultata dekte inn med bruk av disposisjonsfond på 18 mill. kroner. Skatteinntekter er budsjetterte på same nivå som for 2020, medan rammetilskotet er redusert med 1,2 mill. kroner frå 2021. Andre sentrale inntekter, som nemnt under budsjett 2020, er vidareførte på 2020-nivå.

I perioden 2021–2023 planlegg kommunen investeringar i anleggsmidlar for 111,4 mill. kroner. Samla er investeringar i heile økonomiplanperioden på 196,7 mill. kroner, av dette finansierte med lånepoptak på 169 mill. kroner. Sum budsjetterte avdrag for heile perioden er 107,5 mill. kroner.

Fylkesmannens vurderingar

Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Høyanger svært høge inntekter. Dette gjeld også etter at det vert korrigert for utgiftsbehovet til kommunale tenester, som då viser at kommunen har frie inntekter (inkl. eigedomsskatt, konsesjonskraft-/heimfallsinntekter, havbruk) i 2019 som ligg 49 prosent over landsgjennomsnittet av inntekter per innbyggjar.⁵ Men likevel klarer ikkje kommunen å budsjetttere med positive netto driftsresultat. Sjølv om Høyanger over tid har hatt nedgang i folketalet og dette har ført til reduksjonar i dei frie inntektene, meiner Fylkesmannen at kommunen må klare å oppnå eiga målsetjing om eit netto driftsresultat som over tid ligg på nivået til TBUs⁶ tilrådde norm på 1,75 prosent. Dette resultatet må til for å ta vare på kommunen sin formue, oppretthalde ein driftsmargin/reserve og setje av midlar til investeringar.

Etter budsjetterte investeringar og planlagt finansiering av desse vil lånegjelda samanlikna med driftsinntektene auke i økonomiplanperioden. Kommunestyret følgjer difor ikkje opp eiga målsetjing om ei lånegjeld (utanom gjeld knytt til sjølvkost) på 85 prosent av driftsinntektene. Berekningar som kommunen sjølv har gjort, viser at ved utgangen av økonomiplanperioden blir tilsvarande gjeld 98 prosent av inntektene. Når kommunestyret i tillegg planlegg for dei neste åra med negative resultat og derav reduksjon i den frie eigenkapitalen, vil ikkje det vere berekraftig og på sikt få negative konsekvensar for

⁴ Kostra-konserntal 2019

⁵ Komm.prp. 2021 tabell 2.4

⁶ Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi



tenester til innbyggjarane. Det er difor nødvendig, slik som kommunen planlegg, å gjennomføre eit arbeid med å tilpasse drifta til dei løpande inntektene.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent